Nr. 65

Januar 2025

INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE

# BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



Bygland kommune ønskjer alle eit frisk og GODT NYTTÅR!

## SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

### 2025 ER FRILUFTSLIVETS ÅR! - DET VIL ME MARKERE I BYGLAND KOMMUNE

LES MEIR - S. 10

Bygland Frivilligsentral, og Bygland kommune og Midt Agder Friluftsråd vil starte markeringa med eit arrangement kalla "Heile Noreg båler"- Bygland / Byglandsfjord. **Sett av dagen 16. januar!**

### BYGG BYGLAND: KVA ER MOGLEGHEITANE FOR PRESTNESET? - MØTE 13.01.25

LES MEIR - S. 6

Bygg Bygland inviterer til kveldsmøte knytta til utvikling av kommunen sitt eigedomsområde ved Presteneset i Bygland. Om du er handverkar, byggherre, entreprenør, investor eller nærings-drivar er dette eit møte du bør få med deg!

**Merketider januar:**

- **Nye dagar på Bygland legekontor: tysdagar/torsdag/fredagar kl. 8-15 (sjå s. 3)**
- **Flaskeinnsamling til inntekt for Polentur 2026: måndag 13./tysdag 14.01.**
- **Pleie og Omsorg: Nye betalingssatsar for 2025 (**

ORDFØRAREN SI SIDE

# NYTTÅRSHELSING FRÅ ORDFØRAREN



ORDFØRAREN I BYGLAND, RUNAR GRANHEIM

**Kjære alle saman**

Godt nyttår. Eit nytt år representerer for mange ein ny start, nokre har ambisiøse planar om å gå ned i vekt, trene meir, og på ymse vis bli ein betre versjon av seg sjølv enn ein var i fjor.

Eg vil seie som statsministeren sa i sin nyttårstale: «Du er god nok!» Det er eit viktig bodskap meiner eg, og det kan vere eit godt nyttårsforsett å seie til seg sjølv; «Eg er god nok!»

2025 blir eit spanande år. Det er Stortingsval i haust. Trump blir president i USA i slutten av januar. Korleis vil det prege verda, Europa og oss?

Bygg Bygland køyrar på med aktivitetar og arbeid for meir næring og fleire innbyggarar, og startar året med bedriftsbesøk hjå Bygland Bryggeri.

I januar tek Bygg Bygland også initiativ til eit møte med entreprenørar og andre interessentar for å lufte moglegheiter for utvikling på og rundt Prestneset på Bygland. Det ligg ei flott og byggeklar tomt der, og reguleringsplanen opnar for bustader nær fjorden. Her er det moglegheiter!
Det er mykje positivt på gong i næringslivet i Bygland, og gjev grunn til å ha trua på ei positiv utvikling for kommunen vår.

Samarbeidet med næringlivet og Bygland Næringslag er godt, og godt samarbeid mellom kommunen og næringslivet er essensielt. Det skal vi fortsette med for fullt vidare. Også samarbeidet med eldsjelar og frivillige er godt og viktig.
Det same er samarbeidet Bygland har med nabokommunane og med Fylkeskommunen, det fungerar godt og blir ikkje mindre viktig i tida framover. Det er saman vi er sterkast!

Nytt av året er at ordførar no har kontorplass inne på kommunehuset, og ikkje lenger over Joker. Det ser eg fram til.
Som dei fleste har fått med seg, så blei Aslak Brekke konstituert som kommunedirektør heilt på tampen av 2024. Rekrutteringsprosess med å finne ny kommunedirektør er i gong og vi håpar vi er i mål tidleg i haust. Eg er trygg på at administrasjonen og drifta blir godt teke vare på av Brekke i tida framover, og har trua på god samhandling og samarbeid mellom politisk og administrativt nivå framover. Godt samarbeid er og blir heilt sentralt, det treng vi og det skal vi jobbe for i heile 2025 og vidare framover!

Med det vil eg gynskje dykk alle eit godt nyttår!

**Mvh Runar Granheim**



# OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

## BYGLAND KOMMUNEHUS

- **Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00**
- **NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00**
- **NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00**

## EVJE OG BYGLAND LEGESENTER

**Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117**
**telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00**

- **BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND**
  **tysdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.00**
- **EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE**
  **måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00**

## EVJE TANNLEGEKLINIKK

**Tilbod om tannbehandling for du på Evje tannklinikk.**
**Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95**
**Nils Heglands veg 40, 4735 Evje** (2. etasje til venstre)

## FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND

**Hovedbibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025**
**Biblioteksvakt på Bygland (onsdagar): Ann Cecilie Attestog**
*Bygland Nye Bibliotek finn du i det gamle bankbygget i Bygland sentrum.*

**BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND**

- **måndagar kl. 10.00 - 12.30**
- **onsdagar kl. 10.00 - 13.00**
- **torsdagar kl. 15.00 - 18.00**



**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDS-FJORD**

- **måndagar kl. 17.00 - 19.00**
- **tysdagar kl. 9.00 -12.00**



# POLITISKE MØTE - JANUAR 2025

**Ingen politiske møte i januar**

# RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA



**Utlevering av strøsand / henting av strøsand**

Treng du strøsand?

Bygland Frivilligsentral i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma tilbyr strøsand ferdig fordelt i bøtter. Dersom du har behov for dette og har tenester i frå Open omsorg, kan du be dei ta med ei bøtte til deg.
Dersom du ikkje har tenester i frå Open omsorg, men ønskjer strøsand kan du hente på Frivilligsentralen på Bygland eller på Pakkbua på Byglandsfjord.

Lurer du på noko, ta gjerne kontakt på tlf: 94510770.

# ANNAN OFFENTLEG INFORMASJON

**Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon den 07./08.05. og til Valle og Bykle politistasjon den 05./06.05.**




Bestill time på nett, på **www.politiet.no,** velg "Søke pass og ID-kort".
Om det er brukarar som ønskjer hjelp med dette kan dei komme innom ein av politistasjonane, eller ringe oss.

- Valle og Bykle Politistasjon, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle, tlf. 38 13 68 50: 05. mai, kl. 12.30 – 15.00 og 06. mai, kl. 08.15 – 15.00
- Bygland, Evje og Hornnes politistasjon, Verksvegen 4, 4735 Evje, tlf. 38 13 68 30: 07. mai, kl. 08.00 – 16.00 og 08. mai, kl. 08.00 – 16.00

# REDAKSJONSNOTAT **BYGLANDSNYTT NR. 65**



**REDAKSJON**

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: Aslak Jørundland Brekke

**BILETE**

- Framside: Jolebad på Prestneset / Susanne Hegenscheidt
- Redaksjonsnotat: Vintertre / S. Hegenscheidt
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Gyro Heia, Olav Grendstad, Nina Bygland
- Kva skjer: Toppfjell, Byglandsfjord / Bygland kommune

**Byglandsnytt februar 2025: 03.02.2025, skrivefrist 30.01.**

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

# HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR

## Innspel til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel

**Kommuneplanen er kommunen sitt øvste styringsdokument. Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein plan for korleis kommunen skal utvikle seg framover. Samfunnsdelen har langsiktige mål som fortel kva for retning vi vil kommunen og samfunnet skal utvikle seg.**



*Fotograf: Anders Martinsen*

**Samfunnsdelen er nå på høyring i 6 veker. Det betyr at vi vil ha innspel til planen. Kommuneplanen sin samfunnsdel finn du på Bygland kommune si heimeside: bygland.kommune.no/kunngjeringar-2/**

Etter høyringsfristen vil formannskapet gå gjennom alle innspela og lage ein endeleg versjon av planen, som deretter blir lagt fram for kommunestyret. Du vil ikkje få svar på innspelet ditt, men det blir vurdert i det vidare arbeidet med planen.

Nytt gjerne det digitale skjemaet for innspel på heimesida.

Alternativt kan du sende innspelet til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller på e-post til **post@bygland.kommune.no**. Merk innspelet med 2022/374.

Høyringsfristen er sett til **31. januar 2025.**

## Offentleg ettersyn: Detaljregulering for Trodverk

**I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vedtok plan, miljø- og ressursutvalet i sak 113/24 den 26.11.2024 å legge forslag til detaljreguleringsplan for Trodverk med planID 202401 med tilhøyrande dokument ut på høyring og offentleg ettersyn i seks – 6 veker.**

Føremålet med planen er å leggje til rette for 7 fritidshytter og areal til vinterparkering.

Planforslaget er lagt ut til offentleg ettersyn i 1. etg på kommunehuset og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside: www.bygland.kommune.no .

Eventuelle merknader til planforslaget sendast skriftleg innan **3. februar 2025** til:

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller pr. e-post: **post@bygland.kommune.no .** Merk med sak nr. 23/721.



# OMSTILLINGSPROSJEKT BYGG BYGLAND

**Bygg Bygland inviterer til Informasjons- og Moglegheitsmøte 13.01.25**

Omstillingsprogrammet Bygg Bygland inviterer til kveldsmøte knytta til utvikling av kommunen sitt eigedomsområde ved Prestneset i Bygland

**Måndag 13. januar kl. 18.00 - 20.00, Kommunehuset**

Om du er handverkar, byggherre, entreprenør, investor eller næringsdrivar i kommunen eller regionen og ønskjer å høyre meir om moglegheitane som ligg i området knytta til Prestneset, er dette eit møte du absolutt bør få med deg!



MOGLEGHEITSUTVIKLAR I BYGG BYGLAND, GYRO HEIA

Vi er så heldige å få besøk av både Husbanken og Høgde AS i møtet. Dei vil dele sin kunnskap med oss denne kvelden. Kunnskap som vil vere svært nyttig å kjenne til når ein skal arbeide med utvikling, både knytta til boligar, næringsbygg og bulyst.

**Agenda**

- Kl. 18:00: Velkomen v/styreleiar Runar Flåt Granheim.
- Kl. 18:05: Moglegheitsutviklar Gyro Heia informerer om moglegheitane som ligg i omstillingsprogrammet Bygg Bygland.
- Kl. 18:15: Høgde AS fortel om erfaringar knytta til utviklingsprosjekt og stadattraksjon. "Høgdes styrker ligger i deres kreative løsninger og metodikk…… Selskapet har i praksis demonstrert hvordan finne finansieringsløsninger for sine oppdragsgivere og har vist evne til å lede prosesser fra idé til ferdigstillelse" Kilde: Fyresdal Næringshage.
- Kl. 18:50: Pause med litt å spise
- Kl. 19:15: Husbanken orienterer om virkemiddelapparatet sitt
- Kl. 19:45: Ope for spørsmål, dialog og idémyldring
- Kl. 19:55: Avslutning v/styreleiar Runar Flåt Granheim

Vel møtt!

*Om du har spørsmål, kan du ta kontakt med Gyro Heia på tlf. 917 17 521 eller e-post gyro.heia@bygland.kommune.no.* **www.bygg-bygland.no**

## INTERKOMMUNALE SELSKAP - KVA SKJER I JANAUR?

### Setesdal regionråd

**Ordførarutval -** måndag 13. januar, Valle

### Setesdalsmuseet

**Maskeverkstad - Jolebasse -** fredag 10. jnauar kl. 16.00 - 18.00 Setesdalsmuseet, Rysstad

# NYTT FRÅ EININGANE



## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

### Nye system og nye rutinar i avdeling Økonomi og Administrasjon - Oppsummering av 2024 og utsikt for 2025

*Knut Olav Forgard, Kommunalsjef Økonomi og administrasjon*

Dei tilsette i avdelinga har hatt eit hektisk år i 2024, kor innføring av nytt økonomi-, personal- og lønnssystem har vore den største oppgåva i tillegg til dei daglege oppgåvene som må gå sin gang. Med innføring av nye system, krev det og mykje arbeid og ekstra ressursar med å sette nye rutinar i heile organisasjonen.

Etter ei mindre omorganisering, har avdelinga fått ansvaret for arbeidet med kommunale avgifter, ei oppgåve som tidlegare låg til Drift og forvaltning/Samfunn. På dette området er det tilsett ein ny person som begynner 3. februar. Ho heiter Siren Wennerberg og har lang erfaring med kommunale avgifter i Vennesla kommune. I tillegg så har avdelinga fleire andre oppgåver, som til dømes å sende ut fakturaer, krevje inn ubetalte fakturaer, fordele og betale fakturaer som kjem til kommunen frå leverandørar, lage budsjett og årsmelding, rekneskap og bokføring, registrere og utbetale lønn, fråværsregistrering, pensjon, søknadar om startlån, søknadar og sals- og skjenkeløyve, beredskap, administrering av politiske val, sekretariat for politiske utval, sentralbord og kundemottak, skriving av Byglandsnytt, publisering på sosiale medium, heimeside og intranettside, og fordeling og journalføring/arkivering av all inngåande post til kommunen frå alle kanalar. Avdelinga har i tillegg systemansvar for datasystema som blir brukt innanfor dei nemnte fagområda.

Per i dag er følgjande personar tilsett i avdelinga: Anne Brit Lien, Jorunn Sørlie Tveiten, Liv Åsne Austad Andersen, Rita Skjeggedal, Rune Larsson, Susanne Hegenscheidt og Knut Olav Forgard, og, som nemnt ovanfor, frå 3. februar, blir Siren Wennerberg også tilsett i avdelinga.

Dei neste vekene vil hovudfokus vere på avslutning av årsrekneskapen for 2024, årsmelding for 2024, innføring av nytt intranett og av bookingsystem for kommunale bygningar og møteplassar, BookUp, i tillegg til ordinær drift.

## SAMFUNN




### Frå nyttår er det ikkje lenger lov å kaste tekstilavfall i søpla

**Frå 01.01. har det kome nye krav til kjeldesortering av tekstilar. Det inneber at gamle klede ikkje skal bli lagde i søppeldunken.**

Kvart år hamnar omtrent halvparten av brukte tekstilar i søpla. Etter 1. januar må alle kommunar og verksemder samle inn tekstilavtall, slik at dette ikkje hamnar i restavfallet. Tekstilavfallet kan du ta til Fretex-stasjonen på Byglandsfjord (ved Arilds motorsenter) eller på Nesmoen gjenbruksstasjon på Bygland (for opningstider sjå s. 14/15. Bygland kommune jobbar på fleire løysningar.

*Du kan lese meir om regelendringa på* ***regjeringa sine heimesider****:* *https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-krav-til-kildesortering-av-tekstiler/id3040775/*

# NYTT FRÅ EININGANE

## PLEIE OG OMSORG



BETALINGSSATSAR FOR 2025

| | | |
|---|---|---|
| HEIMEHJELP | | |
| Inntekt under 2G | kr 248 056,00* | Kr 240,00 |
| Husstandsinntekt: 0-2G | | Kr 95,00 |
| Husstandsinntekt: 2-3G | | Kr 170,00 |
| Husstandsinntekt: 3-> | | Kr 290,00 |
| TRYGGLEIKSALARM | | |
| Digital Tryggleiksalarm | | kr 200,00 |
| Tilleggssensorar | | kr 20,00 |
| KORTTIDSOPPHALD | | |
| Pr. døgn: | | kr 200,00 |
| Dag-/nattopphald | | kr 115,00 |
| MAT FOR BEBUARAR I OMSORGSBUSTADER | | |
| Middag | | kr 100,00 |
| Alle måltider | | kr 250,00 |
| MAT PÅ SENIORSENTER | | |
| Middag | | kr 100,00 |
| Lunsj | | kr 70,00 |
| Kake | | kr 20,00 |
| Kaffi | | kr 20,00 |
| MAT FOR BESØKJANDE | | |
| Middag | | kr 100,00 |

Grunnbeløp i folketrygden øker mai kvart år

## HELSE OG LIVSMEISTRING



**Skal du til legesenteret? Ny rutine ved fremmøte**

**Fra 1. januar 2025 er det innført ny rutine for når man skal besøke legesenterets avdelinger på Evje og Bygland. Slik gjør du:**

**Ved fremmøte**

- **Har du time hos lege eller annet helsepersonell på legesenteret?**

Finn plass på venterommet og vent på å bli ropt opp.

- **Er du forsinket til timen din?**

Da må du komme til resepsjonen for å avklare om det fortsatt er tid nok til å gjennom føre din time.

- **Har du ventet mer enn ti minutter fra oppsatt time?**

Kom inn til resepsjonen og si ifra.

**Siste nytt (10.01.2025): Feil i fastlegeliste**

Evje og Bygland legesenter beklager feilen hvor 200 tilfeldige pasienter ble overflyttet fra fastlege Håkon Homme til fastlege Liv Inger Varsi i slutten av desember/starten av januar. Vi oppfordrer tidligere pasienter til Håkon Homme om å foreta et fastlegebytte tilbake til ham på helsenorge.no.
Byttet skjedde i desember og gjelder fra 1. januar. De pasienter som er berørte har fått brev om dette fra Helfo via Helsenorge i desember.

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

**Bygland frivilligsentral og BUA Bygland**
**Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland**
Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland
e-post: post@bygland. frivilligsentral.no. Nett:bygland.frivilligsentral.no
Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70
**Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no**



**Opne aktivitetar**
- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

**Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland**
- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12.00 -14.00 (27.01.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (14. + 28.01.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (07. + 22.01.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (16.01.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15.00 - 17.00 (oppstart 15.01.)

**Aktivitetar i Byglandshallen**
- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30; (06. + 20.01.)

**Aktivitetar andre plasser**
- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjons-området, Byglandsfjord (04. + 20.01.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

# BYGLAND UNGDOMSKLUBB

**Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989**

- mån: 18.00 - 19.30, 5. - 7. kl. (Klubblokale på Bygland)
- mån: 18.00 - 21.00, 6. - 10. kl. (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18.00 - 21.00, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen
kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 17.01.)

Adressa til dei nye klubblokala i Bygland sentrum:
Sentrum 24, 4745 Bygland



# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG PARTNER

## BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL , BYGLAND KOMMUNE OG MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD

### Heile Noreg båler- Byglandsfjord/Bygland

**Bygland Frivilligsentral, Bygland kommune og Midt Agder Friluftsråd samarbeider om ein kveld der heile Bygland kommune båler. Dette skal vere ein triveleg sosial kveld, der fokuset er trivsel og det å møtes rundt eit bål. Mottoet er : Det er alltid plass til ein til rundt bålet". Me ønskjer alle velkomen, på tvers av sosiale nettverk, og organisasjonar.**




Dette er eit lavterskel tiltak, som skal vere ein varm og inkluderande møteplass i dei mørke vintermånadane. Ein kveld der me samlas rundt bålet utan kostnad.
Me lager mat på bål, og alle skal få mat. Kaffi og kakao vert servert. Me har refleksløype med quiz. Det vert premiering for deltaking. Me håpar på å inspirere fleire til å deltake i friluftslivet, og til å kome seg ut i naturen.
Er det snø kjem BUA med akebrett.
Denne kvelden er for alle: familiar med barn, einslege, og vaksne utan barn. Fokuset er hyggeleg samver, og å lage ein sosial kveld. Du må ikkje melde deg på, men det er lettare for oss å berekne mat om du gjer det:-) .
Ta med:

- Sitteunderlag
- Hodelykt
- Kopp vis du har
- Vi lagar pinnebrød. Du kan ta med egne pølser om du vil.

**2025 er Friluftslivets år!**

Me håpar på godt oppmøte, og kan garantere god stemning!
Me vil forsøke å jobbe for å ha eit arrangement kvar månad gjennom året. Det vil me forsøke å gjere i samarbeid med lag og foreninger. Plan for dette kjem tidleg i 2025.

**Byglandsfjord skule,** Vassend, Gapahuk - **torsdag 16. januar kl. 16.30 - 18.30**.

**Bygland,** Prestneset - **torsdag 16. januar kl. 16.30 -18.30**

# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

**Bygland Kyrkjelege Fellesråd**
**Sentrum 18, 4745 Bygland**
**bygland.kyrkje.no og på Facebook**

**Kontakt**

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



## GUDSTENESTER

**sundag, 12.01. kl. 16.00: Gudsteneste Sandnes kyrkje, Åraksbø -** med Kjell Steinbru og Eirik Hodnemyr

## ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 14. og 28.01. kl. 14:00**

## KONFIRMANTUNDERVISNING

- **fredag 24.01. kl. 18.00,** Konfirmantleir
- **måndag 27.01. kl. 14.30**, Vonheim bedehus, Bygland



## KYRKJEBLADET

**Kyrkjebladet nr. 4/2024** finn du både i papirformat og digitalt på Bygland og Årdal sokn si heimesida.
*Redaktør*: Olav Nilsen tlf: 982 99711, kbnilsen@hotmail.com
*Layout/ombrekk*: Erik Dyngvold *Trykk*: Bjorvand & Co







## FORJOLSSAMLING TIL KYRKJELEGE ANSATTE OG SOKNERÅDET I BYGLAND

*Fotograf: Olav Nilsen*
Susanne Hegenscheidt var ikkje med på bildet.



*Glade medarbeidarar takkar for ein gild og hugnadsfylt kveld. Frå venstre: Medarbeidarane Åse Gudrun Thortveit, Kjell Steinbru, Rune Stormark, Janne Wikstøl, Knut Gakkestad, Eirik Hodnemyr, Kari Aud Bakke Svenningsen og Svein Kleivane. Framme saman med julenissen frå venstre: Soknerådsmedlemmene Gro Tove Frafjord Sandnes, Ann Cecilie Andersen og Liv Sigrun Upsal.*

## TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

### SØPPELTOMING – JANUAR 2025



- **Matavfall og restavfall:** veke 2: torsdag 09.01.
- **Papir og plast:** veke 4: tysdag 21.01.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 4: torsdag 23.01.

### GJENVINNINGSSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland**: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.01.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (25.01.)
- **Syrtveit, Evje**: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (11.01.)

*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724*

# YMSE

## STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR




**STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR**
**Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;**
**på FB: facebook.com/StogaAS**

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00







På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker




## BJOREN BRYGGE




**Kafé, ølhage, live musikk rett ved Byglandsfjorden!**
Presteneset 12, 4745 Bygland
Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;
på FB: bjorenbrygge

YMSE >>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE JANUAR - JUNI 2025

# Tømekalender i Bygland kommune

## Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

# 2025

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 901 94 724

Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall

Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast

= Glas/Metall

**Merknad:** Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall. Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

| Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni |
|---|---|---|---|---|---|
| On 1 Nyttårsdag | Lø 1 | Lø 1 | Ti 1 | To 1 Første mai | Sø 1 |
| To 2 | Sø 2 | Sø 2 | On 2 | Fr 2 | Ma 2 23 |
| Fr 3 | Ma 3 6 | Ma 3 10 | To 3 | Lø 3 | Ti 3 ◐ |
| Lø 4 | Ti 4 | Ti 4 | Fr 4 | Sø 4 ◐ | On 4 |
| Sø 5 | On 5 ◐ | On 5 | Lø 5 ◐ | Ma 5 19 | To 5 |
| Ma 6 2 | To 6 | To 6 ◐ | Sø 6 | Ti 6 | Fr 6 |
| Ti 7 ◐ | Fr 7 | Fr 7 | Ma 7 15 | On 7 | Lø 7 |
| On 8 Nesmoen gj.v.st. | Lø 8 | Lø 8 | Ti 8 | To 8 | Sø 8 Første pinsedag |
| To 9 | Sø 9 | Sø 9 | On 9 Nesmoen gj.v.st. | Fr 9 | Ma 9 Andre pinsedag 24 |
| Fr 10 | Ma 10 7 | Ma 10 11 | To 10 | Lø 10 | Ti 10 |
| Lø 11 | Ti 11 | Ti 11 | Fr 11 | Sø 11 | On 11 ○ Nesmoen gj.v.st. |
| Sø 12 | On 12 ○ Nesmoen gj.v.st. | On 12 Nesmoen gj.v.st. | Lø 12 | Ma 12 ○ 20 | To 12 |
| Ma 13 ○ 3 | To 13 | To 13 | Sø 13 ○ Palmesøndag | Ti 13 | Fr 13 |
| Ti 14 | Fr 14 | Fr 14 ○ | Ma 14 16 | On 14 Nesmoen gj.v.st. | Lø 14 |
| On 15 | Lø 15 | Lø 15 | Ti 15 | To 15 | Sø 15 |
| To 16 | Sø 16 | Sø 16 | On 16 | Fr 16 | Ma 16 25 |
| Fr 17 | Ma 17 8 | Ma 17 12 | To 17 Skjærtorsdag | Lø 17 Grunnlovsdagen | Ti 17 |
| Lø 18 | Ti 18 | Ti 18 | Fr 18 Langfredag | Sø 18 | On 18 ◑ |
| Sø 19 | On 19 | On 19 | Lø 19 | Ma 19 21 | To 19 |
| Ma 20 4 | To 20 ◑ | To 20 | Sø 20 Første påskedag | Ti 20 ◑ | Fr 20 |
| Ti 21 ◑ | Fr 21 | Fr 21 | Ma 21 ◑ Andre påskedag 17 | On 21 | Lø 21 |
| On 22 | Lø 22 Nesmoen gj.v.st. | Lø 22 ◑ Nesmoen gj.v.st. | Ti 22 | To 22 | Sø 22 |
| To 23 | Sø 23 | Sø 23 | On 23 | Fr 23 | Ma 23 26 |
| Fr 24 | Ma 24 9 | Ma 24 13 | To 24 | Lø 24 Nesmoen gj.v.st. | Ti 24 |
| Lø 25 Nesmoen gj.v.st. | Ti 25 | Ti 25 | Fr 25 | Sø 25 | On 25 ● |
| Sø 26 | On 26 | On 26 | Lø 26 Nesmoen gj.v.st. | Ma 26 22 | To 26 |
| Ma 27 5 | To 27 | To 27 | Sø 27 ● | Ti 27 ● | Fr 27 |
| Ti 28 | Fr 28 ● | Fr 28 | Ma 28 18 | On 28 | Lø 28 Nesmoen gj.v.st. |
| On 29 ● | | Lø 29 ● | Ti 29 | To 29 Kristi himmelfartsdag | Sø 29 |
| To 30 | | Sø 30 | On 30 | Fr 30 | Ma 30 27 |
| Fr 31 | | Ma 31 14 | | Lø 31 | |

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i månaden kl 14.00-18.00 og 4. laurdag i månaden kl 10.00-13.00.

YMSE >>> **TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE JULI- DESEMBER 2025**

# Tømekalender i Bygland kommune 2025

## Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 901 94 724

Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall
Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast
= Glas/Metall

**Merknad:** Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall. Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

| Juli | August | September | Oktober | November | Desember |
|---|---|---|---|---|---|
| Ti 1 | Fr 1 ◐ | Ma 1 36 | On 1 | Lø 1 | Ma 1 49 |
| On 2 ◐ | Lø 2 | Ti 2 | To 2 | Sø 2 | Ti 2 |
| To 3 | Sø 3 | On 3 | Fr 3 | Ma 3 45 | On 3 |
| Fr 4 | Ma 4 32 | To 4 | Lø 4 | Ti 4 | To 4 |
| Lø 5 | Ti 5 | Fr 5 | Sø 5 | On 5 ○ | Fr 5 ○ |
| Sø 6 | On 6 | Lø 6 | Ma 6 41 | To 6 | Lø 6 |
| Ma 7 28 | To 7 | Sø 7 ○ | Ti 7 ○ | Fr 7 | Sø 7 |
| Ti 8 | Fr 8 | Ma 8 37 | On 8 Nesmoen gj.v.st. | Lø 8 | Ma 8 50 |
| On 9 Nesmoen gj.v.st. | Lø 9 ○ | Ti 9 | To 9 | Sø 9 | Ti 9 |
| To 10 ○ | Sø 10 | On 10 Nesmoen gj.v.st. | Fr 10 | Ma 10 46 | On 10 Nesmoen gj.v.st. |
| Fr 11 | Ma 11 33 | To 11 | Lø 11 | Ti 11 | To 11 ◑ |
| Lø 12 | Ti 12 | Fr 12 | Sø 12 | On 12 ◑ Nesmoen gj.v.st. | Fr 12 |
| Sø 13 | On 13 Nesmoen gj.v.st. | Lø 13 | Ma 13 ◑ 42 | To 13 | Lø 13 |
| Ma 14 29 | To 14 | Sø 14 ◑ | Ti 14 | Fr 14 | Sø 14 |
| Ti 15 | Fr 15 | Ma 15 38 | On 15 | Lø 15 | Ma 15 51 |
| On 16 | Lø 16 ◑ | Ti 16 | To 16 | Sø 16 | Ti 16 |
| To 17 | Sø 17 | On 17 | Fr 17 | Ma 17 47 | On 17 |
| Fr 18 ◑ | Ma 18 34 | To 18 | Lø 18 | Ti 18 | To 18 |
| Lø 19 | Ti 19 | Fr 19 | Sø 19 | On 19 | Fr 19 |
| Sø 20 | On 20 | Lø 20 | Ma 20 43 | To 20 ● | Lø 20 ● |
| Ma 21 30 | To 21 | Sø 21 ● | Ti 21 ● | Fr 21 | Sø 21 |
| Ti 22 | Fr 22 | Ma 22 39 | On 22 | Lø 22 Nesmoen gj.v.st. | Ma 22 52 |
| On 23 | Lø 23 ● Nesmoen gj.v.st. | Ti 23 | To 23 | Sø 23 | Ti 23 |
| To 24 ● | Sø 24 | On 24 | Fr 24 | Ma 24 48 | On 24 |
| Fr 25 | Ma 25 35 | To 25 | Lø 25 Nesmoen gj.v.st. | Ti 25 | To 25 Første juledag |
| Lø 26 Nesmoen gj.v.st. | Ti 26 | Fr 26 | Sø 26 | On 26 | Fr 26 Andre juledag |
| Sø 27 | On 27 | Lø 27 Nesmoen gj.v.st. | Ma 27 44 | To 27 | Lø 27 ◐ |
| Ma 28 31 | To 28 | Sø 28 | Ti 28 | Fr 28 ◐ | Sø 28 |
| Ti 29 | Fr 29 | Ma 29 40 | On 29 ◐ | Lø 29 | Ma 29 1 |
| On 30 | Lø 30 | Ti 30 ◐ | To 30 | Sø 30 | Ti 30 |
| To 31 | Sø 31 ◐ | | Fr 31 | | On 31 |

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i månaden kl 14.00-18.00 og 4. laurdag i månaden kl 10.00-13.00. Stengt 27.12

# YMSE

## MUSIKK



**KONG HANES EFTF.**

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

**BYGLANDSFJORD BARNEKOR**

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord



**BYGLAND LEIKARRING**

Øving måndagar kl. 17.30 - 18.30; Bygland kulturscene

Akkurat no er aldersgruppa frå barnehage til 7. klasse, men viss det er meir interesse blant eldre elevar, kan me starta ein eigen leikarring!

**BYGLAND HORNMUSIKK**

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

# KINO PÅ BYGLAND - JANUAR



## BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

**Kiosk: Framsteg 4H**

**LAURDAG 25. JANUAR**

**KL. 17.30: MUFASA**

9 år. 110 kr. Barnefilm

**KL. 19.30: TEAM HAVNAA**

12 år. 130 kr. Drama




**Lørdag 25.01**
**Bygland Kulturscene**




## FLASKEINNSAMLING



**9. KLASSE VED BYGLAND SKULE SAMLER TOMGODS TIL POLENTUR**

Elevane samler inn panteflasker i heile kommunen - måndag 13. og tysdag 14. januar frå kl. 17.00

Ta vel i mot dem. Tusen takk for støtta!

# KVA SKJER I BYGLAND JANUAR 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)

GODT NYTTÅR 2025


Toppfjell, Byglandsfjord - Foto: Bygland kommune

| DATO | ARRANGØR OG STAD | TID | KVA SKJER |
|---|---|---|---|
| fredag 10.01. | Setesdalsmuseet, Rysstad | kl. 16 -18 | Maskeverkstad, jolebasse |
| sundag 12.01. | Sandnes kyrkje, Åraksbø | kl. 16.00 | Gudsteneste |
| måndag 13.01. | 9. klasse Bygland skule; heile Bygland kommune | kl. 17 og utover kvelden | Flaskeinnsamling |
| måndag 13.01. | Bygg Bygland, Kommunehuset | kl. 18 - 20 | Møte Prestneset (sjå s. 6) |
| tysdag 14.01. | Byglandsheimen | kl 14 | Andakt |
| tysdag 14.01. | 9. klasse Bygland skule; heile Bygland kommune | kl. 17 og utover kvelden | Flaskeinnsamling |
| torsdag 16.01. | Byglandsfjord skule, Gapahuk | kl. 16.30-18.30 | Heile Noreg båler! (s. 10) |
| torsdag 16.01. | Tangen, Prestneset, Bygland | kl. 16.30-18.30 | Heile Noreg båler! (s. 10) |
| fredag 24.01. | Bygland og Årdal sokn | kl. 18 | Konfirmantleir |
| laurdag 25.01. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 17.30 | Barnefilm: Mufasa (9år) |
| laurdag 25.01. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 19.30 | Vaksenfilm: Team Havnaa (12 år) |
| tysdag 28.01. | Byglandsheimen | kl. 14 | Andakt |

**FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYSDAGAR OG FREDAGAR KL. 17-20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - GRATIS!**